



Bygdeutvikling

Suldal kommune

Verneområdestyre for SVR  
Sandsvegen 122  
4230 SAND

Deres ref.

Vår ref.

17/262 - 171

Dato

11.09.2024

## **Uttale til SVR om søknad om dispensasjon fra verneforskrifter for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverka**

Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) har i møte 28.08.2024 fatta følgande vedtak 059/24:

*Suldal kommune meiner det ville det vore mest naturleg å uttale seg til søknaden om dispensasjon fra verneformålet samstundes med uttalen til konsesjonssøknad som skal behandlast av kommunen i oktober. Desse sakene heng i hop og baserer seg på eit felles kunnskapsgrunnlag.*

*Det er særskilt viktig at dette kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilfredsstillende for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.*

Suldal kommune si tilråding til Verneområdestyret SVR (Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane):

- *Gjer ei samla vurdering av heile utbygginga si påverknad på verneformålet når det skal vurderast om dispensasjonen skal innvilgast. Setesdal Ryfylke villreinområde blei ikkje godkjend etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har i iverksett eit arbeid med tiltaksplan for å betre tilstanden. Det er då avgjerdande viktig at me ikkje samstundes gjer situasjonen verre for villrein.*
- *Ta høgde for at det kan forventast fleire søknadar om pumpekraftverk i tilknyting til nasjonalt villreinområde og dei verna områda.*

Saksframlegg med vedtak er vedlagt.

Med helsing

Jarle Lunde  
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-S04	17/262

Saksnr	Utval	Type	Dato
059/24	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	28.08.2024

### **Uttale til SVR om søknad om dispensasjon fra verneforskrifter for opprusting og utviding av Røldal Suldal kraftverka**

#### **Kommunedirektøren si innstilling**

Suldal kommune meiner det ville det vore mest naturleg å uttale seg til søknaden om dispensasjon fra verneformålet samstundes med uttalen til konsesjonssøknad som skal behandlast av kommunen i oktober. Desse sakene heng i hop og baserer seg på eit felles kunnskapsgrunnlag.

Det er særskilt viktig at dette kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilfredsstillende for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.

#### Suldal kommune si tilråding til Verneområdestyret SVR (Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane):

- Gjer ei samla vurdering av heile utbygginga si påverknad på verneformålet når det skal vurderast om dispensasjonen skal innvilgast.  
Setesdal Ryfylke villreinområde blei ikkje godkjend etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har i iverksett eit arbeid med tiltaksplan for å betre tilstanden. Det er då avgjerdande viktig at me ikkje samstundes gjer situasjonen verre for villrein.
- Ta høgde for at det kan forventast fleire søknadar om pumpekraftverk i tilknyting til nasjonalt villreinområde og dei verna områda.

Sand, 11.09.2024

## **Vedlegg:**

Høyring av dispensasjonssøknad frå verneføreskrifter - opprusting og utviding av Røldal-Suldal reguleringane  
Dispensasjonssøknad - Røldal-Suldal - Lyse Kraft

## **Samandrag**

Lyse Kraft DA har søkt konsesjon for opprusting og utvidelse (OU) av Røldal Suldal kraftverkene (RSK). Konsesjonssøknaden vil medføre påverknad i fleire verneområde. Lyse Kraft har derfor søkt Verneområdestyret for SVR (Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane) om naudsynte dispensasjoner frå verneforskriftene. Det er denne søknaden som no er på høyring.

Ut i frå verneformålet det skal dispenserast frå meiner kommunedirektören at kommunen si uttale fyrst og fremst gjeld ei eventuell påverknad på villrein. Kommunedirektören rår til at SVR gjer ei samla vurdering av heile utbygginga si påverknad på verneformålet når det skal vurderast om dispensasjonen skal innvilgast. Det må bli teke høgde for at det kan forventast fleire søknadar om pumpekraftverk i tilknyting til nasjonalt villreinområde og dei verna områda.

## **Fakta**


Lyse Kraft DA har på vegne av RSK DA søkt konsesjon for opprusting og utvidelse (OU) av Røldal Suldal kraftverkene. NVE har sendt saka på høyring og denne vil bli lagt fram som ei politisk sak i kommunen seinare i haust.

Tiltaka slik dei er skissert i konsesjonssøknaden vil medføre påverknad i Holmevassåno biotopvernområde, Kvanndalen Landskapsvernområde og Setesdal Vesthei- og Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Lyse Kraft har derfor søkt Verneområdestyre for SVR om naudsynte dispensasjoner frå verneforskriftene.

Verneområdestyret for SVR legg opp til å handsame dispensasjonssøknaden i styremøte 23. oktober 2024 og har sendt saka ut på høyring med frist 1. oktober.  
*Verneområdestyre «er interessert i alle opplysningane som kan hjelpe oss i vår sakshandsaming, men ber om at uttalene tek føre seg dei delane av utbyggingsplanane som verkar inn på det verna arealet.»*

## Søknad

Tiltaka som skal gjennomførast i verneområda kan oppsummerast slik (frå søknaden):  
*«I verneområda i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane (SVR) innebærer konsesjonssøkt tiltak etablering av Kvanndal 2 pumpekraftverk mellom de eksisterende reguleringsmagasinene Holmavatnet og Kvanndalsfoss. Reguleringskapasiteten i Holmavatnet økes med om lag 26 % ved at laveste regulerte vannstand (LRV) blir 5 meter lavere enn i dag, samtidig som nederste del av Tverråna, som i dag renner til Sandvatnet, overføres til Holmavatnet via et bekkeinntak på tilløpstunnelen til Kvanndal 2. Ved økt regulering av Holmavatn vil Lyse Kraft la Isvatn være selvregulerende, med tilnærmet naturlig avrenning mot Tverråna. Kvanndal 2 pumpekraftverk vil også fjerne vintertappingen fra Holmavatn til Sandvatn som er en kjent barriere for villreinen (Holmavassåno).»*



Oversiktskart.

Samla sett meiner Lyse Kraft at «fordelene med å gjennomføre omsøkte utbyggingsløsning er klart større enn ulempene. Prosjektet er nasjonalt viktig og en viktig del av løsningen for å nå klimamålene, og er klart av vesentlig samfunnsmessig interesse. Samtidig løser prosjektet viktige utfordringer knyttet til flere verneverdier i berørte verneområder.»

Når det gjeld detaljar omkring plan, inkludert kart og grunngjeving for tiltaket, visar kommunedirektøren til søknaden.

### Verneformålet

Jamfør verneforskrifta er føremålet med Kvanndalen landskapsvernombra «er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde, beitelandskap og eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa».

Verneformålet for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombra med dyrelivsfredning har i hovudsak ei tilsvarande føremål.

Føremålet med Holmvassåna biotopvernombra «er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernombra og Dyraheio landskapsvernombra»

### **Lover, føresegner, rundskriv**

Naturmangfaldsloven

Forskrift om vern av Holmvassåna biotopvernombra, Suldal kommune, Rogaland.  
Forskrift om vern av Kvanndalen landskapsvernombra med plantelivsfredning, Suldal kommune, Rogaland

Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernombra, Bykle,

Valle og Bygland kommunar, Aust-Agder, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar, Vest-Agder og Forsand kommune, Rogaland.

### Vurdering

For Suldal kommune ville det vore mest naturleg å uttale seg til søknaden om dispensasjon frå verneformålet samstundes med uttalen til konsesjonssøknaden frå Lyse/RSK. NVE handsamar til vanleg ikkje søknader om konsesjon før eventuelle løyper etter naturmangfaldlova er gitt.

Naturmangfaldlova §48 (dispensasjon frå vernevedtak):

*«Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke».*

Kommunedirektøren forstår derfor at uttalefristen til søknaden om dispensasjon frå vernereglane er sett før uttalefristen til konsesjonssøknaden. Me vil derfor komme med nokre generelle merknader.

Ut i frå verneformålet det skal dispenserast frå meiner kommunedirektøren at kommunen si uttale først og fremst gjeld ei eventuell påverknad på villrein.

### Suldal kommune si arealforvaltning og dei store verneområda i kommunen

Holmevassåno biotopvernområde og Kvanndalen Landskapsvernområde ligg i sin heilskap i Suldal kommune, og det er i hovudsak i desse verneområda og randsona til desse dei eventuelle nye inngrepa kjem. Den formelle forvaltningsmynda av verneområda er lagt til verneområdestyret for SVR.

Samfunnssdelen av Suldal kommune sin kommuneplan innehold ein arealstrategi som stadfestar:

*«Me skal finna balansen mellom vern og bruk, ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområda. Grensa mot heia/fjellet går ved omsynssone villrein. Det skal ikkje planleggjast nye utbyggingsområda innanfor denne sona. Suldalsheia skal forvaltast i tråd med retningslinjene sett i regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.»*

Kommunen held seg til regionalplanen for Ryfylkeheiane (Heiplanen) og har omsynssoner rundt verneområda som ei buffersone. Omsynssone «nasjonalt villreinområde» og «omsynssone villrein» er lagt inn i kommuneplanen. Retningslinjer i arealdelen av kommuneplanen legg opp til ei streng arealforvaltning i desse sonene, der me ikkje gjer løyve til nye utbyggingsområde. Dispensasjon frå verneformålet skal ikkje handsamasat etter plan og bygningslova, men nye inngrep i desse områda er ikkje i tråd med retningslinjene for kommunen si arealforvaltning.

### Konsekvensar for villrein

Del av føremålet med Kvanndalen landskapsvernområde er å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa. Føremålet med Holmavassåna biotopvernområde er å sikre viktige trekkvegar for villreinen i fjellområdet mellom Kvanndalen landskapsvernområde og Dyraheio landskapsvernområde.

Villrein er ein nasjonal ansvarsart som har fått mykje merksemd nasjonalt dei siste åra. Utviklinga for villreinen har vore negativ over lang tid.

Kvalitetsnorm for villrein blei vedteke sommaren 2020. Målet med norma er å beskrive tilstanden til villreinen, mellom anna gjennom eit trafikklys-system som seie oss om eit villreinområde har god (grøn), middels (gul) eller dårlig (raud) kvalitet. Resultata for dei nasjonale villreinområda blei framlagt i april 2022. Etter ei heilskapleg vurdering blei Setesdal Ryfylke klassifisert til dårlig kvalitet og ikkje godkjend. Årsaka til at villreinområde ikkje tilfredsstiller måla er samansett, men sentralt er at vegar og vasskraftutbygging i kombinasjon med ferdsel i utsette områder har stor negativ effekt på villreinens vandringsmoglegheiter.

På bakgrunn av resultata etter kvalitetsnorma har regjeringa satt i gang arbeidet med tiltaksplanar for dei aktuelle nasjonale villreinområda. Utkast til tiltaksplan blei levert departementet i desember 2023 og skal på høyring haust/vinter 2024/25.

I Stortingsmelding 18 (2023–2024) presenterast politikk for å forbetre villreinens tilstand i Norge. Målet er å snu den negative utviklinga innan 2030 og sikre bestanden innan 2100.

I konsesjonssøknaden Lyse har sendt til NVE er det utarbeid ein eigen konsekvensutgreiing for villrein. Samla konsekvens for villrein er i konsekvensutgreiinga sett til «noe negativ konsekvens».

Suldal kommune har ovanfor Lyse peika på det me meiner er manglar i kunnskapsgrunnlaget i fagrapporten for villrein og bedt om ekstra utgreiingar. Dette for å få eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag og for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.

Mellan anna er det usikkert kva den auka reguleringa av Holmavatn vil ha å sei på islegginga her. Dersom isen blir usikker store delar av vinteren vil dette bli eit nytt stort vandringshinder for villrein. Det vil også hindre villrein i å nå beiteområda på holmane i Holmavatn. Dei kvista skiløypene over Holmavatn må og truleg leggast på land. Konsekvensen av at villrein og skiløparar vert pressa på land og skal nytte dei same ferdelskorridorane er ikkje vurdert i rapporten.

Konsekvensutgreiinga for villrein peikar og på at tiltaket slik det er omsøkt vil gje positive effektar for villrein. Med å slutte med vintertapping i Holmevassåna vil dette vandringshinderet forsvinne. Dette er eit av dei tiltaka kommunen har spelt inn til vilkårsrevisjonen som ynskjeleg å få løyst.

Kommunedirektøren meiner og at samla belastning for villreinstammen i Ryfylkeheiane er ein sentral faktor i vurderinga om dispensasjonen bør innvilgast. Tiltaka det er søkt om inne i verneområda kan ikkje vurderast lausrive frå resten av utbygginga. Til dømes ligg reguleringsmagasinet Votna utanfor verneområdet. Kva vil den planlagde framtidige reguleringa her bety for villreinen sin potensielle bruk og utveksling med Hardangervidda?

§49 i naturmangfaldlova omtalar utanforliggende verksemder som kan medføre skade inn i eit verneområde:

*«Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår».*

Søknaden frå Lyse Kraft kan heller ikkje ses på som eineståande. Kommunedirektøren er kjend med at fleire av kraftselskapa med tilknyting til villreinområde/verneområda ser på moglegheitene for pumpekraftverk. Saka må og vurderast i dette perspektivet.

#### Vesentlege samfunnsinteresser

Lyse har i sin søknad vurdert at dispensasjonssøknaden er ein søknad som ikkje kan innvilgast i medhald av verneforskriftene, men må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova. Kommunedirektøren er samd i denne vurderinga.

Naturmangfaldlova §48 (dispensasjon frå vernevedtak) stadfestar mellom anna: «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted....».*

Lyse si vurdering i søknaden er at denne utbygginga må reknast som ei vesentleg samfunnsinteresse og derfor kan innvilgast.

Kommunedirektøren registrerer at Miljødirektoratet i tidlegare klagesaker etter §48 handsamingar har tolka vesentlege samfunnsinteresser strengt. Det er ingen automatikk i at kraftforsyning eller vegbygging reknast som vesentlege samfunnsinteresser, der søknad om inngrep i verneområde kan innvilgast. I tillegg er det eit vilkår at tiltaket er naudsynt. Alternative løysningar vil derfor være ein sentral del av vurderinga av om kriteriet om naudsyn er oppfylt. Dersom det finast ei alternativ løysing utanfor verneområdet bør dette veljast.

Kommunedirektøren vil igjen peike på at tiltaka i verneområda ikkje må sjåast på som enkeltinngrep, men må sjåast i samanheng med områda sin funksjon som del av eit større leveområde for villrein.

#### **28.08.2024 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)**

##### **Handsaming:**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

##### **LMT - 059/24 Vedtak:**

Suldal kommune meiner det ville det vore mest naturleg å uttale seg til søknaden om dispensasjon frå verneformålet samstundes med uttalen til konsesjonssøknad som skal behandlast av kommunen i oktober. Desse sakene heng i hop og baserer seg på eit felles kunnskapsgrunnlag.

Det er særskilt viktig at dette kunnskapsgrunnlaget blir vurdert som tilfredsstillande for å kunne gjennomføre ei forsvarleg sakshandsaming.

Suldal kommune si tilråding til Verneområdestyret SVR (Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane):

- Gjer ei samla vurdering av heile utbygginga si påverknad på verneformålet når det skal vurderast om dispensasjonen skal innvilgast.  
Setesdal Ryfylke villreinområde blei ikkje godkjend etter kvalitetsnorm for villrein. Regjeringa har i iverksett eit arbeid med tiltaksplan for å betre tilstanden. Det er då avgjerdande viktig at me ikkje samstundes gjer situasjonen verre for villrein.
- Ta høgde for at det kan forventast fleire søknadar om pumpekraftverk i tilknyting til nasjonalt villreinområde og dei verna områda.